



Tilrettelegging for innsats

Innleiing

Når ein brann oppstår, er det viktig at tilhøva i og rundt byggverket er lagt til rette for at brannvesenet skal kunne utføre effektiv rednings- og sløkkeinnsats utan unødig risiko for skader på personell og utstyr. Ved oppføring av nye byggverk angir difor TEK 17, § 11-17, fleire funksjonskrav som må innfriast, [sjå rettleiingstekst for byggtknisk forskrift hos direktoratet for byggkvalitet – dibk.no](https://dibk.no)

Dette dokumentet er utarbeida for å komplettere krava i TEK17 og dei løysningane som går fram av VTEK17. Det er og tilpassa tilhøva i Stord kommune og Stord brann- og redning sin beredskap mot brann og ulykker.

Om det er tilhøve som ikkje er dekkja i dokumentet, eller det er ønskeleg å avvike frå enkelte av løysningsforslaga, må dette avklarast med Stord brann- og redning.

Tilgjenge til og i byggverket

Av rettleiinga kjem det fram at det må vere tilrettelagt for køyrbar tilkomst heilt fram til hovudinggang og brannvesenet sin angrepsveg i alle byggverk. For mindre byggverk i risikoklasse 4 og brannklasse 1 kan det likevel akseptrast avstand på inntil 50 meter.

Køyreveg

Når det blir planlagt vegar og oppstillingsplassar er det viktig å ta omsyn til dei køyretøya Stord brann og redning faktisk disponerer. Tabell under viser data/ informasjon om dei ulike store køyretøya som vert nytta ved ein innsats.

Mannskapsbil:	Mannskapsbil P 1-1	Tankbil P 1-4	Lift P 1-3
Lengde (m):	8,40	7,60	9,20
Breidde (m):	2,60	2,50	2,55
Høgd (m):	3,30	3,00	3,70
Akseltrykk, bak (t):	13,00	12,60	19,00
Akseltrykk, framme (t):	8,00	8,50	8,00
Køyrebreidde (m):	3,50	3,50	3,50
Total vekt (t):	22,00	19,00	27,00
Terskelhøgde (m):	0,15	0,15	0,15
Vassmengde (l):	3000	8500	-



Maksimal arbeidshøgde (m):	-	-	34,00
Stigningsforhold: (maksimal)	-	-	Lengderetning: ca. 11°. Sidevegs: ca. 7°

Tabell 1: Køyretøy med teknisk data

Rekkevidde

Maksimal vertikal rekkevidde for lift er 34 m, målt frå lågaste punkt på oppstillingsplass til golv i øvste etasje. Maksimal horisontal rekkevidde (låg posisjon) som kan forventast er 23 m.

Oppstillingsplass

Når brannvesenet er framme ved ein bygning og skal stille opp køyretøya for å gjere innsats, er det avgjerande at det er tilrettelagt i forhold til funksjonskrava. I tillegg må ein ta høgd for at liften krev eit visst areal for å kunne operere fritt.

For at lift skal kunne operere fritt må breidda på oppstillingsplassen vere minimum 7,0 meter og lengda vere minimum 14 meter. I tillegg må oppstillingsplass på betongdekket (typisk i forbindelse med garasjelegging) skiltast med maksimal belastning, og avstanden frå oppstillingsplassen til bygningen vere minimum 3 meter. Stigningsforholdet på oppstillingsplassen må ikkje overstige det som er angitt i tabell 1, og det bør leggjast til rette for at lift kan køyre direkte inn på plassen utan å måtte rygge. Sistnemnde er knytt til sikkerhet og blir grunngeve med at lift blir handtert av berre ein person.

På oppstillingsplassen bør det ikkje vere kumlukk eller andre svake punkt som kan komme i konflikt med støttelabbane på lift. Det må vere minimum 1,5 meter frå støttelabbane til slike svake punkt. Ved oppstilling av lift vil det bli ei punktlast på 2,3 kg/cm².

Vassforsyning - utvendig

I områder der det må leggjast til rette med uttak for sløkkevatn, må hydrantar/ kummer plasserast i samsvar med TEK17/ VTEK17. Det vil sei innanfor 25-50 meter frå bygning/ hovudangrepsveg.

I tettbygde strøk, næringsområde og bustadområde skal avstand mellom uttak til sløkkjevatn; brannhydrant eller brannkum ikkje vere større enn 150 meter, ref. VA-norm for Stord kommune.

Det presiserast at avstandane må målast langs køyrbar veg.

Stord brann og redning anbefaler og ønsker på generelt grunnlag hydrant framfor kum. Det er fleire grunnar til det, som:

- val av hydrant framfor kum vil normalt tilseie raskare tilkopling
- overvatn i kum på vinterstid, samt snø og is over lokk kan fryse til is



- utlegg frå kum i vegbana vil under ein aksjon kunne avgrense mobiliteten til andre utrykkingskøyretøy
- inntrenging av sjø og vatn ved høgvatn under ekstremvær

Om kum blir valt, må avstand frå topp kumlokk til brannventil vere 70-90 cm. Lokket må vere i samsvar med Stord kommunale VA-norm (raudt lokk).

Vassforsyning – innvendig

Det vert presisert at det skal vere eitt NOR 63 mm (2 ½») uttak på stigeleidning i kvar etasje. Uttaka skal ha kopling av type NOR 3 (1 ½»), og ha stengeventil/ kuleventil i kvar etasje.

Tilkoplingspunkt på bakkeplan skal ha moglegheit for tilkopling av to NOR 1 63 mm fødeslanger. Koplingar skal vere av type NOR nr. 1 63 mm. Det skal vere stengeventil/ kuleventil for kvar tilkopling.

Det må vere god plass rundt koplingar og ventilar. Koplingar må vere plassert minst ein meter over bakken/golvet og bør vere 45 grader nedover retta, alternativt horisontalt retta for å unngå knekk på slangar.

Merking av branntekniske installasjonar

Branntekniske installasjonar som har tyding for rednings- og sløkkeinnsats må vere tydelig merka.

Orienteringsplanar

Sjå VTEK17, § 11-17, for krav til orienteringsplanar og kva innhald dei skal ha.

Nøkkelsboks

Dersom det skal monterast nøkkelsboks, anten grunna krav eller etter eige ønske, må plassering av nøkkelsboks avklarast med brannvesenet i kvart tilfelle.